


**Årsmelding og
Rekneskap**

Volda og

Ørsta

Reinhaldsverk

2003



STYRETS ÅRSMELDING 2003.

2003 er VØR sitt 16 driftsår. VØR er heileigd av Ørsta og Volda Kommune og eigarane heftar for selskapets disposisjonar med 50% på kvar.

Abonnementfordeling:

<u>Kommune</u>	<u>Hushaldningsabb</u>	<u>Nærings abb</u>	<u>Slamabb</u>
Ørsta	3450	467	971
Volda	2908	404	518
Sum	6358	871	1489

Representantskapen

Representantskapen avvikla 3 møter og styret 4 møter i 2003

Representantskapens medlemar fram til 20.11.03 er:

Knut Steinsvik leiar, Brynjulf Skurtveit nestleiar, Arild Iversen, Ingrun Aud Humberset, Oddrun Aarflot, Nils Trovåg, Inger J. Aakre, Ola Selbervik

Etter 20.11 er representantskapen sine medlemmer:

Gudny Fagerhol – leiar, Oddrun Årflot – nestleiar, Vagleik Hustadnes, Knut Steinsvik, Marte Styve Holte, Nils Trovåg, Per A. Vatne, Signe Turid Barstad

Styret

Styremedlemar fram til 20.11.03 er:

Kari Aamaas styreleiar, Ove Lid nestleiar, Ann Britt Våge Fannemel, Ivar Aarskog, Ove Myklebust (tilsette sin representant i styret).

Etter 20.11.03 er styret sine medlemmer:

Ann Britt Våge Fannemel – leiar, Ivar Aarskog - nestleiar, Ove Lid, Reidun Vigestad Berge, Ove Myklebust (tilsette sin representant i styret).

Tilsette

Ved årets utgang er det 12,4 tilsette ved VØR.

DRIFTA

Innsamlinga av avfall går bra utan store driftsforstyringar. Nytt av året er innføring av plastdunk til papiret. Utlevering av dunkane gjekk føre seg i tidsromet april – juni og er tatt positivt imot av abonnentane.

Samtidig sette vi i drift to nye sidelastarbililar til erstatning for to baklastarar. Den eine for hushaldningsavfall og den andre for papiravfall frå hushaldningane.

Litt innkøyringsutfordringar er det med dei nye bilane både for abonnentane og oss, men etter litt innkøyring og tilpassingar går dette seg svært bra til. Ved utgangen av året må vi konkludere med at nyvinninga har gitt oss forbetring av både effektivitet og arbeidsmiljø.

Internt på anlegget har vi hatt spesielle utfordringar i 2003 grunna auke i dei sorterte avfallsmengdene, driftsstans av komprimatorstasjonen i juli og start opparbeiding av uteområdet på hausten. Resultatet er at vi i perioder har problemer med å vere (jour.

Komprimatorstasjonen vart avvikla i juli 2003 etter 15 års teneste. Ei naudsynt oppgradering ville koste så mykje at vi fann det økonomisk uforsvarleg

I oktober starta vi på ei større utbygging av uteområdet som i 2004 skal gi oss ny omlastingsstasjon for avfall og papir frå hushaldningane og ny sorteringshall for grovavfallet. Investeringa er naudsynt for å få meir rasjonell drift, og betre gjenvinning av avfallet vårt i tråd med nasjonale miljømål og vedteken avfallsplan.

Vi har hatt auke i avfallsmengdene på sorteringshallen også i år, noko som også har vore ei utfordring å takle.

Avfallsmengder 2003 i tonn.

Type	2003	2002
Hushaldningsavfall	4716,6	4763
Restavfall til deponi	1858,7	1810
Papir / papp	1365,6	1254
Metall	267,0	221
Plast	60,7	53
Glas	106,3	91
Spesialavfall	36,6	34
E.E. avfall	159,1	100
Hageavfall	Ca 2500 kbm	Ca 2500 kbm
SUM	8570,6	8422

Tala syner, justert for lager ved årsskiftet 2003 / 2004, at avfallsmengdene totalt sett syner ei utflating i høve tidligare år. Auken i år er på 1,7 % og kjem frå levering til Miljøstasjonen.

Hushaldningsavfallet.

Mengdene til forbrenning er på nivå med 2002. Utflatinga samsvarar med den generelle handelsutviklinga i 2003 som også har 0- vekst. Ei anna årsak kan også vere at fleire nyttar seg av miljøstasjonen i Hovdebygda for å levere sorterte fraksjonar.

Papp og papir.

Innsamlinga av papp og papir frå hushaldningane går uendra i 2003. Totalt sett ser vi ein auke i papp og papirmengdene på ca 8 %

Glas.

Glasmengdene i -03 er justert for lager ved årsskiftet på nivå med 2002.

Grovavfall - metall.

Grovavfall og metallmengdene aukar litt i høve 2002. Veksten er på 4,5%.

Plast

Hushaldningsplasten har stabilisert seg på ei fast nivå i høve tidligare år. Her ligg eit potensiale til større mengder noko vi vil vurdere tiltak for i 2004.

Landbruksplast har også stabilisert seg på eit fast nivå. Henting hos den enkelte bonde er ei teneste på høgt nivå og er tatt positivt imot av brukarane. Her er likevel potensiale for å hente inn større kvantum.

Mengden frå fiskeoppdrettsanlegga har gått ned. Dette var venta då fiskefôr meir og meir vert levert i bulk og ikkje i storsekkar.

Frå industri og handel aukar mengdene jamt og trutt.

Farleg avfall.

Innsamla spesialavfallsmenger aukar litt. Landsdekkande reklamekampanjer og generelt betre miljøholdningar er truleg årsaka til at fleire no sender dette til gjenvinning / destruksjon.

VØR har eit godt utbygt mottakssystem samanlikna med mange andre kommuner, og det er her vi fortsatt får inn dei største mengdene.

Det er i den samanheng nedslåande at enkelte brukar disse stasjonane som søppelplass for alt slags avfall. Det gjer at vi også i år har sett det naudsynt å fjerne ein stasjon der forsøpling var eit stort problem. I tillegg har vi brukt større ressursar i å ettersjå disse enn tidligare.

Slam.

Vi hadde ikkje ordinær innsamlingsrunde i 2003. Innsamlinga i 2003 er for dei med årleg tøming. Denne har gått ryddig og greitt og utan vanskar.

Elektrisk Elektronisk avfall.

E.E. produkta kan innehalde PCB, kvikksølv og bromerte flammehemmarar som er helseskadelege og som ikkje må dumpast i naturen, gå til deponi eller forbrenning.

E.E. innsamlinga fungerer betre og betre, det ser vi ikkje minst på mengdene som aukar av denne fraksjonen. Det aller meste av det større E.E. avfallet vert i dag levert på korrekt måte.

Vi sender komfyrar, fjernsyn, mikrobølgeomnar med meir til miljøsanering gjennom returselskapa Elretur og Kvitevareretur.

Innsamla mengder av småelektro som mobiltelefonar, hårfønarar, små vifteomnar og lignende har lavare innsamlingsgrad og er no den store utfordringa. Her må folk sine holdningar betrast og vi må legge betre til rette for mottak av slikt avfall.

Personal og arbeidsmiljø.

VØR har i dag 12,4 faste tilsette. Ei stilling er vakant 1 2003.

I samband med utlevering av ”blåunken” tok vi midlertidig inn 4 tilsette som stod for utkøyringa i perioden april – juni. Dette vart elles avvikla på ein god måte.

Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst dei store utfordringane i 2003 godt.

Internkontrollsystemet er oppdatert og vi hadde revisjon av Arbeidstilsynet i samband med ei trafikkulykke der våre kontainerar var innblanda.

Det er gått vernerunder i 2003. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

RAMMEVILKÅR.

Konsesjon.

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97. VØR etterlever konsesjonskrava etter beste evne.

Avfallsplan

Avfallsplanen vedteken av kommunestyra for perioden 1999 – 2003 er vår rettesnor, og vi er godt i gang med å gjennomføre dei måla som er sette i planen. Oppstarta investeringar i sorteringsanlegg m.m. vil bidra positivt til å nå målet om maks 10% av avfallet til deponi.

Kommunene sin plikt til å utarbeide avfallsplan fall bort ved stortingets revisjon av forureiningslova i juni-2003.

Renovasjonsforskriftene.

Avfallsplanen og endring av forureiningslova medfører at renovasjonsforskriftene må reviderast. Styret sette derfor ned ei nemd som skal gå igjennom forskriftene med tanke på å få disse oppdaterte.

Det er no laga eit forslag til nye forskrifter som vil verte handsama politisk i løpet av første halvår 2004.

Slam

VØR mellomlagrar også avvatna slam i Alida. Dette er gjort i medhald av løyve frå Fylkesmannen datert 16.12.91. VØR etterlever disse løyvekrava. VØR arbeidar med å finne ei permanent ordning for slamhandsaminga.


ØKONOMI.

Årsresultatet syner eit resultat i storleik kr 1.092.672,- Av dette vert kr 1.092.672,- overført til bunden fond – etterdriftstiltak for deponi.

Styret har auka lånegjelda i 2003 med 6 mill kr. Investeringane er gått til innkjøp av dunk for papiret for hushaldningane, utskifting av bilar og utstyr og start utbygging av uteområdet i Hovdebygda.

Totalt sett er styret godt nøgde med året 2003, og vil takke dei tilsette for innsatsen og omstillingsevna som er vist.


Hovdebygda 22.03.04



Ann Britt Våge Fannemel
Styreleiar


Ivar Aarskog
Nestleiar


Ove Lid


Reidun Vigestad Berge


Ove Myklebust
(tilsette sin representant)


Petter Bjørdal
Dagleg leiar

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Resultatrekneskap

	Note	2003	2002
Driftsinntekter			
Salsinntekt		23 038 340	23 396 643
Annan driftsinntekt		59 665	28 226
Sum driftsinntekter		<u>23 098 005</u>	<u>23 424 869</u>
Driftskostnader			
Varekostnad		- 8 922	- 21 212
Lønnskostnad	2	- 5 594 111	- 5 905 957
Avskrivning	3	- 2 921 949	- 2 278 682
Annan driftskostnad	2	- 12 549 731	- 13 369 265
Sum driftskostnader		<u>- 21 074 713</u>	<u>- 21 575 116</u>
Driftsresultat		<u>2 023 292</u>	<u>1 849 753</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Annan renteinntekt		453 507	302 593
Annan finansinntekt		10 500	10 500
Annan rentekostnad		- 1 394 627	- 1 214 152
Netto finansposter		<u>- 930 620</u>	<u>- 901 059</u>
Årsresultat		<u>1 092 672</u>	<u>948 694</u>
Som er nytta til:			
Overført fond etterdriftiltak deponi		- 1 092 672	0
Overført annan egenkapital		0	- 948 694
Sum disponeringar		<u>- 1 092 672</u>	<u>- 948 694</u>

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Balanse

	Note	2003	2002
EIGEDLER			
Anleggsmiddel			
<i>Varige driftsmiddel</i>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	13 526 761	13 111 929
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskinar o.l.	3	7 199 022	5 373 487
Sum varige driftsmiddel		<u>20 725 783</u>	<u>18 485 416</u>
 <i>Finansielle anleggsmiddel</i>			
Investeringar i aksjar og andeler		152 315	152 315
Sum anleggsmiddel		<u>20 878 098</u>	<u>18 637 731</u>
 Omlaupsmiddel			
Varer	1	75 020	82 084
 <i>Fordringar</i>			
Kundefordringar		748 287	2 265 520
Andre fordringar		1 188 571	355 683
Sum fordringar		<u>1 936 858</u>	<u>2 621 203</u>
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	7 241 155	2 508 362
Sum omlaupsmiddel		<u>9 253 033</u>	<u>5 211 649</u>
SUM EIGEDLER		<u>30 131 131</u>	<u>23 849 380</u>

VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Balanse


	Note	2003	2002
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Eigenkapital		2 049 059	2 049 059
Fond for etterdrifttiltak deponi		1 092 672	0
Fond for slamhandsaming		481 355	481 355
Sum eigenkapital		<u>3 623 086</u>	<u>2 530 414</u>
Gjeld			
<i>Anna langsiktig gjeld</i>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	5	<u>21 265 817</u>	<u>18 666 557</u>
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		4 172 262	1 211 657
Skyldige offentlege avgifter		435 348	520 877
Anna kortsiktig gjeld		634 618	919 875
Sum kortsiktig gjeld		<u>5 242 228</u>	<u>2 652 409</u>
Sum gjeld		<u>26 508 045</u>	<u>21 318 966</u>
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		<u>30 131 131</u>	<u>23 849 380</u>

Hovdebygda, 22. mars 2004


Reidun Vigestad Berge


Ove Ljå


Ove Myklebust


Petter Bjørdal
dagleg leiar


Ann Britt Våge Fannemel
styreleiar


Ivar Aarskog

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2003

Note 1 Rekneskapsprinsipp.

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og virkelig verdi for varer kjøpt inn for vidaresal, forsikra pensjonspliktar er ikkje balanseført – kostnaden er lik utbetalinga i året til forsikringsselskapet, leiegavtalar er ikkje balanseført, varige driftsmiddel vert som hovedregel avskreve lineært over venta økonomisk levetid.

Note 2 Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.

Lønskostnader består av følgjande postar:	2003	2002
Løner:	4 191 785	4 251 967
Folketrygdavgift:	684 770	765 173
Pensjonskostnader:	514 781	772 786
Andre lønskostnader:	202 775	116 031
Sum lønskostnader:	5 594 111	5 905 957

Det har vore 12 tilsette i selskapet i gjennomsnitt i 2003..

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre / Rep.skap
Løn:	454 792	97500
Pensjonspremie:	15 762	
Annan godtgjersle:	15 025	

Årets netto pensjonskostnad kjem fram på følgjande vis:

Pensjonspremie i året:	514 781
Pensjonskostnad i alt:	514 781

Revisor:

Kostnadsført revisjonshonorar i 2003 utgjør kr. 10260

Note 3 Varige driftsmiddel.

Kostpris 01.01.2003:	29 225 276
Tilgang:	5 975 651
Avgang:	2 357 543
Kostpris 31.12.2003:	32 843 384
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.2003:	12 117 601
Balanseført verdi 31.12.2003:	20 725 783
Ordinære avskrivningar i året:	2 727 991
Ekstraordinær avskrivning transportmiddel:	193 958

Note 4 Bundne midlar.

Posten inneheld bundne bankinnskott med kr. 211 647.

Note 5 Langsiktig gjeld / pantsetjingar og garantier.

Gjeld som forfell meir enn fem år etter slutten av rekneskapsåret:

Gjeld til kredittinstitusjonar:	9 305 692
---------------------------------	-----------

Pantsetjingar og liknande:	Gjeld sikra med garantiar frå eigarane:
Gjeld til kredittinstitusjonar:	21 265 817

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON

Til representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS

6160 HOVDEBYGDA



REVISJONSMELDING FOR 2003

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS for rekneskapsåret 2003 som viser eit overskot på kr. 1.092.672,-.

Årsrekneskapen, som er sammensett av årsmelding, resultatrekneskap og balanse med tilhøyrande notar er utarbeidd av rekneskapsførar.

Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik lov og forskrifter krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov og tilhøyrande forskrifter og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av rekneskapsprinsippa som er nytta, og dessuten vurdering av innhald og presentasjon av årsrekneskapen.

Vi meiner at dei utførte revisjonshandlingane gir eit forsvarleg grunnlag og støttar opp om konklusjonane.

Vi meiner at:

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrift og gir eit forsvarleg uttrykk for selskapet si økonomiske stilling pr 31.12.03 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane i samsvar med god rekneskapsskikk

Larsnes, 7. mars 2004


Jostein Støylen
-revisjonssjef-